

## REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 02.06.2017

STAD: Lync

NAMN	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Karl-Arne Remvik	Prosessleiar	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Prosesskoordinator		x
Lena Bjørge Waage	Prosesskoordinator	x	
Trine Kvalheim	Prosesskoordinator/Kommunikasjonsdirektør	x	
Audun Krøvel	Medlem	x	
Gunnar Indrebø	Medlem		x
Kari Marie Remø Nesseth	Medlem	x	
Manuela Strauss	Medlem	x	
Inge Lode	Medlem		x
Hans-Christian Ofstad	Medlem		x
Trine Sperre	Medlem	x	
Berit Teige	Medlem	x	
Øyvind Eriksen	Medlem	x	
Øystein Lian	Medlem		x
Kristen Rasmussen	Medlem	x	

Andre:

Gunnar Dagslott møtte for Øystein Lian

**AGENDA**

- Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 5. mai
- Status regionalt arbeid
- Status lokalt arbeid – dei tre perspektiva føretak, klinikk og samhandling
- Kvalitetssikring/ekstern evaluering av arbeidet
- Status Sykehusbygg – framskriving av data
- Status Bygningsmessig utviklingsplan
- Status SNR
- Styringsgruppemøte 6. juni
- Dialogmøtet 20. juni
- Møteplan – må vurderast på ny dei møta som er sett opp til hausten
- evt

---

## **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 5. mai**

Det vert vist til referatet som også gjev ein introduksjon til utviklingsplanarbeidet.

Det er ingen kommentarar til referatet.

Det er einigheit i gruppa at referat frå koordineringsgruppemøter kan leggest ut på nett og intranett.

## Gjennomgang av mandat

### Koordineringsgruppa rapporterer til styringsgruppa

---

- Koordineringsgruppa skal i hovudsak arbeide på systemnivå
- Bidra i arbeidet i dei sakene som er klinikkovergripande (føretaksperspektivet)
- Vere støttespelar for klinikkane i arbeidet med utviklingsplanen i den einkilde klinikk
- Kome med bidrag til tema i utviklingsplanen til styringsgruppa
- Bidra med informasjon og skape engasjement i klinikkane
- Sikre koordinering mot SNR
- Gruppa vil måtte supplerast med aktuell fagleg kompetanse i saker der det er behov for det.
- Arbeidet med utviklingsplan må sjåast i samanheng med langtidsplan/langtidsbudsjett

### Spørsmål og innspel:

- Kva med rolla mot stab?  
Medlemene skal vere støttespelar inn mot både klinikkar og stab.
- Korleis vert det gjort kjent at medlemene har ei rolle i utviklingsplanarbeidet?  
Det er ulikt korleis klinikkane har velt organiseringa og rolla til medlem av koordineringsgruppa. Det vert gjeve innspel på at som medlem av koordineringsgruppa, er ein sikra informasjon med omsyn til status og framdrift av utviklingsplanarbeidet som kan nyttast både inn mot klinikk og i arbeidsgrupper.
- Det er behov for å synleggjere arbeid mot klinikkane.

---

## **Status regionalt arbeid**

Det vert vist til Nasjonal bemanningsmodell med omsyn til gastrokirurgi i dialog med St. Olav. Hilde Beck leiar arbeidet i regi av fagleiarnettverka på regionalt nivå.

Leiing og kompetanse HR – Det vert gjennomført eit felles regionalt arbeid.

Teknologi – regional gruppe skal levere rapport 15. juni.

Det er i regional ressursgruppe også uttrykt ønske om levande fagleiarnettverk i arbeidet med utviklingsplanen.

---

---

## Status lokalt arbeid – dei tre perspektiva føretak, klinikk og samhandling

### Føretaksperspektivet:

I styringsgruppemøte 2. mai vart følgjande innsatsområde vedteken for planperioden 2019-2022. Lista er ikkje uttømande og det kan kome fleire utviklingsområde.

- Pediatri – Ansvarleg: Klinikksjef klinikk for kvinner barn og ungdom Henrik Erdal. Arbeidsgruppa er leia av Marianne Nordhov. Meir informasjon finn de [her](#).
- Bygningsmessig utviklingsplan – Ansvarleg: Klinikksjef klinikk for drift og eigedom Mona Aagaard-Nilsen. SNR er utelatt dette arbeidet og ivaretakast gjennom eige arbeid og utarbeida rapport frå konseptfasen. Arbeidet er leia av SEMCO som har med arkitekt med erfaring frå planarbeidet knytt til CF Møller. Status presenterast i styringsgruppemøte 6. juni. Det er planlagt møte 22. juni for klinikkane. Mål: Presentere prioriteringar med mogelegheit for innspel . Rapport skal utarbeidast innan 30. september.
- PET- Ansvarleg: Klinikksjef klinikk for medisin og rehabilitering Torstein Hole. Arbeidsgruppe er under etablering.
- PCI – januar 2018. Ansvarleg: Klinikksjef klinikk for medisin og rehabilitering Torstein Hole. Arbeidet vert starta januar 2018.
- Desentralisering av tenestetilbod inklusiv avtalespesialistar. Ansvarleg: Fagdirektør Jo-Åsmund Lund. Arbeidsgruppe er under etablering og vert leia av fastlege og praksiskonsulent Stian Endresen.

### Klinikkperspektivet:

Det visast til møtepunkt med klinikkane via leiinga sin gjennomgang og klinikkrådsmøter. Det klinikkinterne arbeidet leiast av klinikksjef. Arbeidsprosessar er for nokre klinikkar starta og for nokre under planlegging. Tidslina er sett til 30. september for rapport til samla utviklingsplan.

### Samhandlingsperspektivet :

Det visast til møtepunkt med orientering om utviklingsplanarbeidet i ulike samhandlingsfora herunder;

Overordna samhandlingsutval, lokale samhandlingsutval og regionråd.

Arbeidsgrupper for prioriterte utviklingsområder er etablert herunder;

- Barn og unge, leiar fastlege og praksiskonsulent Marianne Rønneberg
- Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling, leiar Kari Marie Remø Nesseth
- Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus, leiar avklarast i møte 14. juni.

Arbeidsperiode er satt til 30. september for rapport til samla utviklingsplan.

- Nok helsepersonell med rett kompetanse. Sak til styringsgruppemøte 6. juni med tilråding om å integrere arbeid med strategi og handlingsplan for Forsking, innovasjon, utdanning og kompetanse (FIUK). Det vert tilrådd at arbeidet integrerast med utviklingsplan og at arbeidsgrupper for dei fire hovudområda vert supplert med ein kommunal representant i kvar gruppe.
- Teknologi og innovasjon. Sak til styringsgruppemøte 6. juni med tilråding om å tufta på eksisterande utval/fora regionalt og lokalt med IKT-kompetanse. I tillegg vert det peika på teknologi som utviklingsområde på føretaksnivå mellom Fagavdeling og Klinikkk for drift og eigedom. Det vert tilrådd å organisere eit team som skal ivareta teknologiprosessen, som går på tvers av seksjonane i avdelinga, og som vil ta med seg det strategiske tilsnittet mot Avdeling for teknologi og utvikling i Klinikkk for drift og eigedom.

---

### **Kvalitetssikring/ekstern evaluering av arbeidet**

Kvalitetssikring – WSP Norge skal utføre følgje evaluering og vil vere tett på gjennomføring av arbeidet. Dette har betydning for openheit og formalia.

Dei skal mellom anna ha tilsendt prosjektplan for arbeidet og elles få tilsendt referat og planverk. Dei ønskjer å ta del i dialogmøtet 20. juni. Vidare skal WSP følgjas opp med;

- Statusrapport medio august
  - Delrapport i førekant av høyringsutkast (medio oktober)
  - Ferdig rapport etter høyringsrunden (januar 2018)
- Det vert stilt spørsmål med omsyn til offentlegheit i klinikkk. Det er behov for avklaringar på formalitet og krav om openheit jamfør kvalitetskrava til prosess. Følgjast opp i neste koordineringsgruppemøte.

---

### **Status Bygningsmessig utviklingsplan**

Framskrivning Sykehusbygg – presentert på fagleiarmøte, direktørmøte og det vert presentert arbeid for styringsgruppa 6. juni.

---

### **Status SNR**

Utsatt til neste møte.

---

### **Styringsgruppemøte 6. juni**

Gjennomgang av saksliste.

Vurdere mulighet for lync/videokonferanse.

Saksframlegg finn de [her](#).

---

---

## Dialogmøtet 20. juni

Det vert arrangert det andre dialogmøte i tilknytning til utviklingsplanarbeidet. Målgruppe er politisk, administrativ og fagleiing i kommunane og administrativ og fagleiing i helseføretaket. Både partar kan stille med relevant fagpersonell. Elles er KS, Fylkesmannen og Brukarutvalet invitert til å delta og andre interesserte.

Mål for dagen er orientering og dialog knytt til arbeidet på føretak og samhandlingsperspektivet.

For meir informasjon om program og påmelding sjå [her](#).

---

## Møteplan

Foreslått møteplan:

Dato	KI	Type	Merknad
2. juni	8-11	Lync	
18. august	8-11	Lync	
13. oktober (6.okt?)	8-11	Lync	Endrast jfr. haustferieveke

Endrast til:

Dato	KI	Type	Merknad
2. juni	8-11	Lync	
18. august	8-11	Lync	
6. oktober	8-11	Lync	Endring pga haustferie

---

Evt

Spørsmål om referat frå arbeidsgrupper kan leggjast på nett.

Klinikksjef i samråd med arbeidsgruppene avgjer kva som kan leggjast på nettsida. Elles vise til referat i styringsgruppemøter.

Utfordring for arbeidet med strategi og handlingsplan knytt til tidsramme.  
Dette drøftast vidare mellom sekretariat for utviklingsplanarbeidet og FIUK.